

## Vedtekter for Nord-Gudbrandsdal Gjetarhundlag (NGG) (Forening)

- §1 Ngg har som mål å fremja gjetarhundarbeidet. Ngg famnar om kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja. Ngg er underlagt Oppland gjetarhundlag og må retta seg etter vedtak gjort av Oppland Gjetarhundlag. Ngg må styrast etter reglar for gjetarhundarbeidet fastsatt av Norsk Sau og Geit. Laget skal ha nært samarbeid med dei lokale Sau- og Geitlaga og Oppland gjetarhundlag.
- §2 Laget sine oppgåver:  
a) Stimulere til auka og betre bruk av gjetarhundar.  
b) Arrangere kurs, prøver og treningssamlingar.
- §3 Alle som er interessert i gjetarhundarbeid kan bli medlemmar av laget. Alle tillitsvalte må være medlem i laget og i Norsk Sau og Geit.
- § 4 Medlemskontingenten skal fastsetjast av årsmøtet kvart år.
- § 5 Ngg skal ha eit styre på 5 medlemmar. Styremedlemmane skal, så langt det er praktisk mogleg, ha geografisk spreining innanfor kommunane som soknar til lokallagsområdet. Leiar og styremedlemmar skal veljast av årsmøtet. Styrets oppgåver er å drifte laget iht. vedtektene, iverksetja årsmøtevedtak, administrere og føra nødvendig kontroll med lagets økonomi, samt representere laget utad. Ngg skal ha en valnemnd bestående av 2 personar, der den eine er på val kvart år. Den som til kvar tid er på val er leiar for nemnda og har ansvar for å fremja kandidatar til ulike verv og at valarbeidet skjer iht. Vedtektene.
- § 6 Årsmøtet i Ngg er lagets høgste organ. Årsmøtet skal gjennomførast kvart år og innan 1. februar. Årsmøtet skal kunngjerast med minst 14. dagars varsel. Kvart enkelt medlem har ei stemme på årsmøtet. Stemmeretten kan bare nyttas ved personleg oppmøte. Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret, revisor eller minst 2/3 av lagets medlemmar krev det. Ekstraordinært årsmøte skal innkallast på same vis som ordinært årsmøte. Saker som medlemmane vil fremja på årsmøtet må være styret i hende minimum ei veke før årsmøtet skal haldast. Årsmøtet kan ikkje fatta vedtak i saker som er innkomne utanom fastsette frister med mindre 2/3 av dei frammøtte krev det.

### Saker som årsmøtet skal behandla:

- a) Val av møteleiar og sekretær
- b) Godkjenning av innkalling og sakliste.
- c) Årsmelding
- d) Rekneskap
- e) Val av leiar for eitt år.
- f) Val av styremedlemmar for to år.  
(Fyrste gongen avgjør årsmøtet kven av dei fire styremedlemmane som er på val etter ett år for å koma på tur).
- g) Valg av en varamedlem for et år.
- h) Val av en revisor for to år.
- i) Årsmøtet skal velja et nytt medlem til valkomiteen for to år.  
(Fyrste gongen avgjør årsmøtet kven som er på val etter ett år for å koma på tur).
- j) Arbeidsplan

k) Innkomne saker

- §7 Oppløysing eller endringar av laget kan bere vedtakast av årsmøtet. Slike vedtak må ha minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte medlemmane på årsmøte. Oppløysing av laget må vedtakast på 2 etterfyljande årsmøte. Slike vedtak må godkjennas av Oppland Sau og Geit for å vera endelege. Eventuelle eigendelar og midlar blir sett i fond som forvaltast av Oppland Sau og Geit, og skal øyremerkast oppstart av nytt gjetarhundlag innanfor lokallagsområdet som midla kom frå. Alternativt at midlane fordelast likt mellom alle lokallaga innafør Sau og Geit som laget soknar om. Midlane skal uansett øyremerkast gjetarhundarbeid.
- § 8 Forslag om vedtektsendringar skal vera styret i hende innan utgangen av desember månad. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtall av dei frammøtte medlemmane for å bli vedtekne, men må godkjennast av Oppland Sau og Geit for å vera endelege.
- § 9 Vedtektene trer i kraft så snart dei er vedtekne av årsmøte/stiftingsmøte. Vedtektene må godkjennast av Oppland Sau og Geit for å vera endelege.

Vedtatt på stiftingsmøte:

Dato: 11.04.2018

Sted: Vågå

Sign:

RSmøtetsmedlem Vågåregionen W. T. L. L. L.  
Bj. Ole Mogensvåggund Torken Sæther.  
Mati Tunger Andre Sjøen M. S. S. S.  
Mait E. Marstein T. S. S. S.  
Ingerdau Nyløkken Endre Amundgård